# Meland kommune

morten@byggprosjekt.no

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Merethe Tvedt | 14.09.2017 |
| Vår: 17/680 - 17/18037 | merethe.tvedt@meland.kommune.no | |

## Godkjenning- GBNR 9/24 - Igangsettingsløyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 251/2017**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Silje Andersen |
| **Ansvarleg søkjar:** | Bygg Prosjekt AS, Morten Nytun |
| **Søknadstype:** | Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd |

**SAKSUTGREIING OG VURDERING:**

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar Silje Andersen søkt om igangsettingsløyve for deler av tiltaket for oppføring av påbygg/tilbygg til fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune.

Igangsettingsløyve blir søkt for grunn og landskapsutforming, samt plasstøpt betong grunnmur.

Dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona er gitt i UDU-vedtak 58/2017 - dagsett 6.6.2017.
Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 207/2017 – dagsett 17.7.2017.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 28.8.2017.

Planstatus:
Eigedomen er avsett som LNF- spreidd fritidsbustad, (opplista i tabell 9.2). Det er gitt dispensasjon frå strandsonevernet. Tilbygg som omsøkt kan no godkjennast i samsvar med arealformålet.

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:
Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 28.8.2017. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf. pbl § 23 - 1.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for grunn og landskapsutforming, og plassstøpt grunnmur i forbindelse med oppføring av påbygg/tilbygg til fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune, jf søknad med vedlegg journalført motteke 28.8.2017.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 28.8.2017, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

*****

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Merethe Tvedt |
| sektorsjef teknisk | byggjesakskonsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om igangsetjingsløyve for GBNR 9/24
Søknad om igangsettingstillatelse gnr 9 bnr 24
17-109_G2_Gjennomføeringsplan_versjon_2_9_24

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| morten@byggprosjekt.no | | | |
| Silje Andersen | Karihilderen 44 | 5360 | KOLLTVEIT |